

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 23.01.2018

SAKSHANDSAMAR: Johnny Heggestad

SAKA GJELD: **Helse2035 - Tiltaksplan**

ARKIVSAK: 2018/106

STYRESAK: **013/18**

STYREMØTE: **08.02. 2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret sluttar seg til tiltaksplanen for Helse 2035.

Oppsummering

Tiltaksplanen som no ligg føre er ei konkretisering av verksemestrategien Helse2035 som vart vedteken i mai 2017.

Tiltaksplanen byggjer på ein lang og grundig strategiprosess. Det er lagt stor vekt på å hente inn innspel frå helseføretaka og frå brukarane.

Fakta

Styret i Helse Vest vedtok samrøystes strategien Helse2035 11. mai 2017 og bad samtidig om at innspel som var relevante for arbeidet med tiltaksplanen og gjennomføringa av strategien blei tatt med vidare.

Helse2035-strategien er ambisiøs, og legg opp til store endringar i korleis Helse Vest skal yte tenester og ivareta samfunnsansvaret i åra som kjem. Betre samhandling, innovasjon og bruk av ny teknologi er framståande faktorar. Strategien speglar òg att avgrensingane knytt til menneskelege og økonomiske ressursar, sett opp mot auka behov og vekst i behandlingsmoglegeheitene. Tydelege prioriteringar og balanse mellom behov, moglegheiter og tilgjengelege ressursar skal bidra til ei berekraftig utvikling. Tiltaksplanen som no ligg føre er ei konkretisering av denne strategien.

Strategiprosessen som leia fram til Helse2035 var ein omfattande og grundig prosess med brei involvering. Over 500 personar, både frå helseføretaka og frå andre aktørar, fekk komme med innspel. I sum kom det inn over 1600 innspel. Desse innspela har vore viktige for strategien og tiltaksplanen som no ligg føre. I arbeidet med tiltaksplanen har alle verksemndene i føretaksgruppa, dei tillitsvalde og brukarrepresentantar deltatt, og tiltaksplanen har også vore gjennom ein høyringsrunde i føretaka. Tiltaksplanen har blitt godt mottatt. Høyringa viste stort engasjement og har bidrege til betre forankring av planen, og høgare kvalitet på innhaldet.

Tiltaksplanen

Gjennomføringa av Helse2035 går føre seg på mange nivå i organisasjonen. Helseføretaka sitt utviklings- og endringsarbeid er eit viktig verkemiddel i så måte, saman med dei regionale programma og prosjekta som blir gjennomført. Tiltaksplanen skildrar regionale tiltak som skal bidra til gjennomføring av strategien. Den byggjer på og heng saman med andre aktivitetar, styringsdokument og satsingar lokalt, regionalt og nasjonalt. Tiltaka i planen har ei overordna innretting, og byggjer opp om den lokale gjennomføringa av strategien. Regionalt samarbeid, felles system og utgreiingar er derfor prioriterte.

Tiltaksplanen byggjer vidare på dei fire hovudområda i strategien:

1. Pasientens helseteneste
2. Eit helsevesen
3. Utvikling av helsetenestene
4. Medarbeidaren, leiing og organisasjon

Planen skal være konkret, kort og oversiktlig, i tråd med Helse2035-strategien.

Gjennomføring

Planen skisserer tiltak for heile strategiperioden fram til 2035, men legg naturleg mest vekt på dei kommande fire åra. Dei påfølgjande periodane blir ytterlegare konkretiserte ved seinare revideringar. Det er samtidig lagt opp til ei smidig gjennomføring av tiltaksplanen, med vekt på god prosjekt- og porteføljestyring. Ressursstyring og rett prioritering er ein sentral del av denne porteføljestyringa.

Gjennomføringa av ein stor del av tiltaka skal starte opp allereie i 2018. Det vil krevje ein betydeleg innsats tidleg i perioden. Styret vil bli informerte om status og framdrift for arbeidet.

Konklusjon

Tiltaksplanen byggjer på ein lang og grundig strategiprosess. Det er lagt stor vekt på å hente inn innspel frå helseføretaka og frå brukarane. Denne forankringa har bidrige til å kvalitetssikre arbeidet og den framlagte tiltaksplanen. Den breie involveringa bidreg òg til å gi eit best mogleg utgangspunkt for å gjennomføre tiltaka.

Vedlegg:

Tiltaksplan for Helse2035